



ICARE2 Infobrev Juli 2011

Leiar:

Vi opplever alle til stadigheit å motta brev med ynskje om pengar til ulike gode føremål. Dette brevet er såleis ikkje meint som eit tiggarbrev, men som ein kvittering med nyhende om kva du og pengane du har gitt faktisk har bidrege til.

Barns rett til utdanning er nedfelt i Barnekonvensjonen. Men det er dessverre ei sanning at svært mange barn i land med fattigdom ikkje får gå på skule. Føremålet med dette brevet er å syne deg at ditt bidrag gjer ein skilnad og påverkar barn sin kvardag i Cebu City i Filippinane. Saman med pengane dine følgjer lys og håp for barna. Det føl moglegheiter og draumar om ei skinade framtid.

I dette infobrevet får du møte Michaela, Mark og Jennifer som berre 9 er år gamle, men dei har allereide opplevt kva det betyr å ikkje å ha mat på bordet. Dei lever i enkle kår, utan elektrisitet og innlagt vatn og der husa deira årvisst er utsatt for flaum og stormskader. Dei har opplevt kva det vil seie å kjempe for livet når naturkreftene set inn og fossande

vassmassar trugar med å rive med seg huset deira. Dei har allereie lært kva det er å ha ansvar, ansvar for sine mindre sysken og ansvar for å hjelpe til med å skaffe pengar til mat. Dei føler seg heldige når dei kan få gå på skulen slik at dei ein dag kan bli det dei drøymmer om.

Dersom du har meir enn du treng og om du vil tenne enda eit lys – støtt barn med utdanning og bygg framtida! Til deg som har tenkt at du vil bidra, men har gløymt det – vit at pengane kjem fram uansett kva tid på året du sender dei.

Men først og fremst vil eg rette ein stor takk til alle som har bidrege til å halde 26 fattige barn med alt det dei treng gjennom enda eit skuleår.

Med helsing

Arild Landa

Styreleiar

**“En alene – kan ingenting
gjøre – det samme sier –
hundretusener!”**

(Kjell Landamark)



Historien til tre av ICARE2-barna, Michaela, Mark og Jennifer, som alle bur i same området i- og langs eit elveleie.

Michaela Caballes er ein 2. klassing med framifrå karakterar. Med hennar smil er håpet om å ein dag bli lærar.

Michaela Caballes er dotter til Luciana og Pamping Caballes. Foreldra er begge gamle, men dei arbeider framleis for å hjelpe sine 5 barn på beste måte. Michaela er yngst og er 9 år gamal. Hennar far og brødre sitt levebrød er å selja sand til ulike byggeprosjekt. Sanden sankar dei frå elvefaret dei bur i. Michaelas mor tek på seg klesvask for dei som treng, men for det meste arbeidar ho heime som husmor.

Sist år fekk Michaela premie for å vera den beste på sitt trinn i filippinsk. Ho er nå nettopp ferdig med 2. klassen, men veit ikkje om ho fekk premie fordi ho ikkje kunne vera med på eksamenshøgstidsstunda. Men karakterane hennar har framleis eit snitt på 81%, som er rekna som svært gode karakterar. Ho ser no fram til å

byrja i tredje klassen.

Michaela har store utfordringar i kvardagen. Heime har dei korkje elektrisitet eller innlagd vatn. Ho må gjere leksene i det dimme lyset frå ei heimelaga parafinlampe. I Filippinane er det ikkje slik som i Noreg med lange lyse sumarkveldar, for det vert stappmørkt allereide i sekstida om kvelden – året rundt. Når ho står fast med leksene må ho ta med seg lære- og kladdebok til naboane og spørje dei om hjelp for å svare på spørsmåla ho ikkje klarar å forstå på eiga hand. Når ho har ledige stunder, les ho bøker eller fargelegg teikningar. Ho hjelper også mor si med husarbeidet. Michaela er berre ei av mange barn som leikar gatelangs i storbyen Cebu City. Men som alle andre barn har ho sin eigen historie og sine egne draumar for framtida. Hennar store draum om å bli lærar prøver ho å nå ved å vera ein flittig og best mulig elev.





Michaela Caballes



Mark Henry Abril er 9 år gamal og begynnte i 3.klasse i juni. Dei to åra han har motteke stønad frå ICARE2 har Mark, akkurat som Michala, synt seg som ein svært flink elev og har alltid gode karakterar. Som Michaela, bur han i fattigkvartera langs og dels i elveleiet. I flaumtida kan det vera svært utfordrande å bu i eit elveleie. Då ein storm traff byen i 2007 kom det store vassmengder og store tømmerstokkar som var reve med elva frå fjellområda. Mange menneske vart drepne og husa vart øydelagde då tømmerstokkar og vatn fossa gjennom elveløpet. Mark og familien berga så vidt livet ved å klatre opp til veggene på dei store husa ovanfor elveløpet. Der måtte dei klamre seg fast til vatnet sank. Huset deira vart øydelagt og måtte reparerast før dei kunne bu i det igjen. Marks mor, Teresita Abril, tener litt pengar på å vaske klede, medan faren er snekkar. Inntekta avheng av marknaden og om det er byggeprosjekt i området. Når eit prosjekt er ferdig må han leite etter ny jobb for å tene pengar.

Det er seks barn i familien, men eit av søskena døydde då Mark var 4 år gamal. Mora sin graviditet vart ikkje

normal etter at elva øydela huset deira, og søstera vart sjuk og døydde etter at ho hadde levd eit par år.

Mark er ikkje berre ein flik elev, men ein snill og god gut også. Han er som andre barn, han leikar og spring rundt og har det moro saman med andre.

Men når han blir spurt om å hjelpe faren i nokre av byggeprosjekta er han villig med og hjelper til. Han plukkar opp steinar, leverer verktøy til snekkarane og gjer anna arbeid som dei små hendene kan klare. På denne måten er han glad for å kunne hjelpe pappa som arbeider for å tjene pengar til mat. Mark er akkurat som andre barn, han har ein draum om kva han skal bli når han blir stor. Han vil bli til noko i framtida. Når Maria prøver å lokke ut av han kva han ynskjer å bli, seier han med forlegen stemme: "ingeniør". Når Marie spør kva slags ingeniør svarar han at han ynskjer å bli elektroingeniør for da kan han legge inn eletrisitet i huset deira.



Heime hos Mark. Til venstre i bildet ser du elveleiet som fløymer over når det er uver.

Jennifer Abalo: Ein annan 2. klassing i ICARE2 programmet som bur i samme område, er Jennifer. Jennifer er liten for alderen. Familien er svært fattig og i ei klemme mellom å ha nok mat på bordet og sende barna på skulen. Også Jennifer drøyer om å bli lærar. Far hennar er sjåføar, men for tida sjuk og utan løn. Mora jobbar derfor så mykje ho kan med å vaske klede for folk. Det er 6 barn i familien og i huset har dei jordgolv og verken straum eller elektrisitet. Karakterane hennar har gått ned i den siste tida, truleg på grunn av den vanskelige situasjonen familien er i. Det bur tilsaman ni menneske i det vesle huset deira, og det er kvar dag ein kamp å skaffe mat til alle. Nokre gonger må Jennifer passe småsøskena sine medan foreldra er på arbeid. Fordi foreldra ikkje har råd, er Jennifer den einaste av barna som går på skule fordi ho har stønad frå ICARE2. Når ho går til skulen tenkjer ho på småsøskena som enda ikkje har ete. Auga hennar er triste og einsamme, og ho er sjeldan glad og har vanskar med å smile. Sist februar var det flaum i elva og familien til Jennifer måtte klatre opp

i den øvre delen av huset for å kome unna vatnet. Til alt hell vart ikkje huset skadd, men dei var fanga i 2 etasjen utan mat heilt til vasstanden i elva seig så mykje at dei kune koma seg ut.



Jennifer Abalo

GRADUATION

Eitt ár har gått, og det er tid for barna å syne karakterboka. ICARE2 har til saman 26 barn i sitt program. 21 av barna får sin skulegang ved Guadalupe Elementary school. Skuleåret i Filippinane sluttar i april med uteksaminering og høgtidleg utdeling av graderingsbevis på kvart klasstrinn. Det er for det meste elevar i første, andre og tredje klasse som til no har fått moglegheit til å gå på skule via ICARE2 sitt hjelpearbeid. Stiftinga Rise Above i Cebu City er vår lokale partner i Filippinane. Der syt Marie Tangalin for at borna får det dei treng og fylgjer dei opp gjennom skuleåret.

Marie Tangalin (ICARE2/RiseAbove) og lærar Jennifer studerer karakterane til elevane og forklarar til foreldre og barn kor viktig det er å ha utdanning med gode karakterar dersom dei skal nå draumane sine. Både foreldra og borna samtykkjer og lovar å prøva sitt beste for å bli enda betre dei komande åra.



Marie Tagalin saman med ICARE2-barn ved Guadalupe barneskule som stolt syner fram karakter skjemaene sine.

Kae Agustin Tapere er eit levande bevis på at besluttsomhet og pågangsmot kan vinna kampen over fattigdom og motlause. Ho har nettopp blitt ferdig med 2. klassen som 11-åring. ICARE2 sine bidragsytarar har med hjelp av Rise Above gitt henne skulemateriell, uniform, sko, lunsj og mellommåltid kvar dag frå ho byrja på skulen. Ho er svært takksam for den hjelpa ho har fått og kvitterar med å vera ein flink elev. Heime hos Kae Agustin har dei verken eletrisitet eller innlagt vatn. Far hennar er sjuk og kan såleis ikkje arbeide og skaffe inntekt til familien. Men dette har ikkje stogga henne i å følge draumen om å gå på skule og få ei utdanning. For 2. året på rad har ho oppnådd gode karakterar som er høgare enn snittet. Hennar store draum er å bli sykepleiar.

“Nagpasalamat jud ko sa ICARE2 and Rise Above sa pagtabang namu. Daku na kaayu ni nga tabang kay dili gyud mi kakaya’g palit ug school supply ug pagpaeskwela sa among mga anak tanan, lima bya ni sila (Vi takkar av heile vårt hjarte til ICARE2 og Rise Above for hjelpa dei gir oss. Fram til nå har hjelpa vore heilt uvurderlig fordi vi elles ikkje kunne sendt nokon av dei fem borna våre på skulen.) – Sier Teresita Abril, mor til Mark Henry Abril, som mottek stønad frå ICARE2.



Kae Augustin Taperne heime hos seg sjølv. Hennar draum er å bli sjukepleiar.

Gode gjevar!

Tusen takk for bidraga du har gitt og hjelp oss med å fortsette arbeidet med å gi nokre barn utdanning.

Vi kan ikkje hjelpe alle, men for oss tel kvar einiskild.



Kvalitetssikrer
Innsamlinger

Om ICARE 2

ICARE2 sitt føremål er å hjelpe fattige barn i Filippinane med utdanning. Vi samarbeider med stiftinga RiseAbove i Cebu City for å få hjelpa fram. Filippinane består av 7107 større og mindre øyar som til saman utgjer eit flateareal om lag på storleik med Noreg. På 800 av desse øyene bur 100 millionar menneske. 40 millionar av disse lever under fattigdomsgrensa og minst 25 millionar går svaltne til sengs.

FORTSATT GOD SOMMAR

frå oss i ICARE 2!

Send ditt bidrag til:
ICARE2, Postboks 3431,
7425 Trondheim
Kontonummer:
1254 05 46698
(Organisasjonsnummer 992 934 980)